

STIFTINGA
G-KULTUR

www.g-kultur.no

Oslo, 14. januar 2019

P R E S S E M E L D I N G

***Unge røyster* - skrivekonkurransen for unge skribentar og skrivelystne!**

Stiftinga G-Kultur lyser nå ut skrivekonkurransen *Unge røyster* for skribentar og skrivelystne i alderen 16-30 år med tilknytning til Gudbrandsdalen.

Fristen for bidrag er 15. juni 2019. Bidraga blir juryerte, og inntil 10 bidrag blir honorerte med 10.000 kr. kvar. Desse skal etter planen gjevast ut i bokform og med lansering på eit arrangement på Det Norske Teatret i Oslo 1. februar 2020.

Jurymedlemmer: *Sigrid Sørungård Botheim* (forfattar og journalist, seniorrådgjevar i Språkrådet), *Astrid Brekken* (journalist og skribent, tidlegare tilsett i NRK), *Olav Brostrup Müller* (kultursjef Lillehammer kommune, journalist og skribent), *Rønnaug Haugstad* (fagkonsulent, Bydel Grünerløkka i Oslo) og *Marit Hosar* (kunstnar, fylkesarkivar i Oppland). Dei to siste representerer styret i Stiftinga G-Kultur.

Så langt har kommunane Gausdal, Sør-Fron, Nord-Fron, Sel og Skjåk gjeve økonomisk tilskot til gjennomføring av *Unge røyster*.

Meir informasjon med retningslinjer for deltaking i konkurransen og om val av tema m.m. finn ein på heimesida www.g-kultur.no under menypunktet *Unge røyster*.

1. februar - siste og avsluttande søknadsfrist i Stiftinga G-Kultur

Stiftinga G-Kultur har sin siste søknadsfrist **1. februar** for tilskot til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Søknader blir behandla på styremøtet i G-Kultur 14. februar.

Kontakt for meir informasjon:

Knut Hovslien, styreleiar	knut.hovslien@online.no	9719 5148
Kjell Austin, nestleiar/sekretær	kaustin@online.no	4150 9460
Lars Ole Ørjaseter	larsole.orjaseter@mediaoslo.no	9085 9406